

## Sei berre eit ord, så blir sjela mi lækt

Det er fortvilande tungt å stå ved sjukesenga til ein du er glad i. Å kjenne avmakta, dele smerten - utan å vere i stand til å hjelpe og lindre.

Det er ein slik situasjon som er utgangspunktet for dagens evangelietekst.

Den romerske offiseren går rett på sak: *Herre, tenesteguten min ligg lam heime og har svære plager.*

Det er altså ein offiser i den forhatte okkupasjonsmakta som tilsynelatande utan blygsel kjem til Jesus og ber om hjelp. Og forunderleg nok, ja, ukritisk nok - tenkte vel mange av dei som stod på sidelinja - er Jesus straks klar til å gjere det han blir bedt om.

Men offiseren seier: hold an, vent litt – eg er jo ikkje verdig til at du kjem inn under mitt tak ...

Han har nok avgrensa kjennskap til jødane si tru, men han veit nok til å innsjå at her har han ingen krav å kome med, eigentleg inga rimeleg forventning å uttrykkje.

Han kunne neppe gjere greie for innhaldet i profetbøkene i Det gamle testamentet, og ein kyndig lovlærd ville ikkje trenge lange tida på å sette han fast i spørsmål om rett og gale, om bod og forbod.

Og like fullt blir han i denne teksten den store helten! *Ikkje hos nokon i Israel har eg funne slik ei tru*, seier Jesus, etter at offiseren har fortalt om korleis menige soldatar etterkjem hans ordar.

Bøna hans til Jesus er nokså enkel: *sei berre eit ord, så blir tenesteguten min lækt.*

Og Jesus lar seg forundre – og overtyde: *Ikkje hos nokon i Israel har eg funne slik ei tru.*

Det er vel eigentleg ikkje helbredelsen som er hovudsaka i fortellinga, men det Jesus har på hjartet i sakas anledning.

For det første lærer vi at tru ikkje handlar så mykje om ei samling sanningar eller synspunkt eller dogmer du må kjøpe eller gå god for. Det avgjerande er den grenselause tilliten som den romerske offiseren har til Jesus.

Det er den trua som kjem til Jesus med den tunge lammelsen som ein kjenner heilt ned i hjarterøtene. Offiseren kjem med lidinga og lengten, den som er så ubeskriveleg at han berre må drage med seg alt han ber på og legge det framfor Jesu føter med eit fortvila håp om at han vil og kan gjere noko.

Han veit så inderleg vel at han ikkje kan kreve noko: *Herre, eg er ikkje verdig til at du kjem inn under mitt tak ...*

Likevel kjem han, fortvila som han er vel han å trasse den klare, ja, uoverskridelege grensa som gjaldt mellom jødar og heidningar.

Ja, han rekk jo ikkje eingong å formulere ei bøn. Berre ei skildring av nauda, av behovet.

Det er det andre poenget eg ser i teksten. Eg tenkjer lett at skal bøna utrette noko, så må den vere velformulert og presis, ja, oppfylle visse strikse formkrav.

Men kva lærer vi her? Jau, at Gud ser forbi alle vakre formuleringar, bryr seg ikkje og lar seg ikkje imponere av fine ord. Han ser nauda og den nakne trua, den som rommar vårt enkle ja til den han er, vårt samtykke til hans nærver midt i det som er vanskeleg.

Innhaldet i kyrkja si tru er eigentleg ikkje fine formuleringar eller tankar, men ein person. Det er den Gud som blir synleg for oss gjennom Jesus.

Denne trua er både individuell og personleg, men også kollektiv og eit fellesskapsuttrykk. Heldigvis er det ikkje slik at eg må sjølv og åleine bere trua på mine skuldrar, nei, eg får gå inn i eit fellesskap som kryssar tid og rom, sprengjer alle grenser og sameinar menneske til alle tider – og som eg kan kvile i, også når eg kjenner tvilen nage og kroppen skjelve.

Så kjenner eg på at vi må seie noko meir om utanforskap når vi har ein slik tekst for oss.

Grensene var innlysande og klare for dei som rekna seg som Abrahams barn. Det var dei som hadde fått lovnadene og landet. Dei andre, enten dei var grekarar eller romarar eller tilhørde fjernare folkeslag, dei var simpelthen ikkje rekna med. Dei var utafor.

Men Jesus kjenner igjen trua, sjølv om denne offiseren både språkleg og kulturelt og religiøst sett var utafor.

Ja, dette er faktisk eit mønster i evangelia – at Jesus har eit særleg auge for dei som er utafor. Han ser verdi som ikkje andre ser. Han lar seg ikkje blende av det ytre hos dei som meiner seg å ha sitt på det tørre, dei som er innafor.

Plutseleg vender stemninga seg, og Jesus går rett frå den rause anerkjenninga av offiserens tru til ein nokså krass dom over «rikets born» som skal kastast ut i mørket utafor, der dei gret og skjer tenner.

Korleis kan han så brått skifte fokus og vende seg mot sitt eige folk med så tøffe ord?

Det er ikkje lett å forhalde seg til denne delen av dagens tekst. Tenk at Jesus kan bruke den sterke trua til den romerske offiseren til å sette det avgjerande skiljet mellom Israels folk og alle dei som ein gong skal sitje til bords med Abraham i himmelriket!

Dessverre har desse og liknande avsnitt i Det nye testamentet blitt brukt til å underbygge jødehat og antisemittisme. Her til lands fanst det ein jødeparagraf i Grunnlova heilt frå 1814 og til 1851, og vi veit så smerteleg vel korleis jødar måtte lide og vart utrydda midt i hjartet av det kristne Europa under Hitler og nazismen.

Korleis ser det ut i dag? Vi må med handa på hjartet innrømme at vi ikkje har klart å kvitte oss med framandhatet. Altfor ofte høyrer vi negative ytringar om etniske grupper, så vel innvandrarar som flyktningar. Ei undersøking viste at saman med «homo» og «hore» er «jøde» det vanlegaste skjellsordet i norske skulegardar.

Men ifølge Holocaustsenterets rapport er det muslimar, somaliarar og romfolk som møter den sterkaste avvisinga hos nordmenn.

Er det slik at vi føler oss betre enn alle andre? Møter vi dei framande med mistenksomheit, frykt og sinne?

Kan vi som kristne slå oss til ro når framandhatet rammar den eine eller andre gruppa av framande? Har vi ikkje eit særleg ansvar for å sikre at eitkvart menneske blir møtt med tryggleik og respekt?

Og korleis er det i vårt kyrkjelege ordskifte? Klarer vi å møte kvarandre med respekt og opne øyre, eller er vi smitta av tendensen til den skråsikre «etiketteringa», der vi set merkelappar på kvarandre utifrå eit behov for å distansere oss og markere grensa mellom oss som er innafor og dei som er utafor?

Jesu møte med den romerske offiseren er eit varsel om at bildet blir snudd på hovudet.

Heidningar var så langt henvist til i beste fall å nyte smulane under bordet, og vere vitne til Guds velsigning av sitt utvalde folk.

No blir heile bildet snudd på hovudet.  
 Eksklusiviteten blir sprengt, og den romerske  
 offiseren representerer starten på ein straum av  
 heidningar som skal kome frå aust og vest for å  
 sitte til bords i himmelriket.

Alvoret i denne teksten er at det går an å forspele  
 mulegheitene, viss vi tek på eigarminen og lukkar  
 døra for den framande.

I ei sunn gudstru er det alltid eit element av uro,  
 ei bøn om nåde og miskunn, eit kyrie eleison,  
 Herre, miskunne deg over meg.

Det sterkaste elementet i denne tekstens  
 virkningshistorie er den som gir seg uttrykk i  
 gudstenester over heile kloden kvar einaste  
 søndag, når millionar av menneske – rett før ein  
 går fram til nattverdbordet -ber den romerske  
 offiserens bøn:

*Herre, eg er ikkje verdig til at du kjem inn under  
 mitt tak. Men sei berre eit ord,  
 så blir sjela mi lækt.*

Også i dag blir alle vi som er utafør, alle vi som  
 er tiggjarar om nåde, tatt imot med ei open famn,  
 med ein kjærleik utan grenser – og som sprengjer  
 alle grenser. Vi blir tilbudt den mat som vi treng  
 for at våre sjeler kan bli helbreda.

*Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande,  
 som var og er og blir éin sann Gud frå æve til  
 æve.*